



Suldal kommune

Konkuransegrunnlag

Utbygging av mobilnett

Innhaldsliste

1 Generelle opplysingar

1.1 Oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar er Suldal kommune. Suldal kommune er den største kommunen i Rogaland i utstrekning. Kommunen har cirka 3900 innbyggjarar. Kommunesentra er på Sand.

All kontakt som gjeld denne avtalen skal gå igjennom Mercell.

I tillegg kan ein ringe Torbjørn Guggedal på telefon 40406312 viss det er spørsmål som er vanskeleg å formulere på skriftleg.

1.2 Om leveransen

Utbygging av mobilnett, sjå skildring av oppdraget.

1.3 Regel og prosedyre

Denne konkurransen vert handsama som anbodskonkurranse del I og del III, i høve Lov og forskrift om offentlege innkjøp. www.lovdata.no.

Det kan bli dialog for å avklare og skilje tilboda frå kvarandre. Dialog kan skje både elektronisk eller som forhandling. Det blir berre dialog dersom tilboda er vanskeleg å skilje i frå kvarandre, så leverandøren må levere sitt beste tilbod.

Prosjektet er avhengig av godkjenning i formannskapet.

Kommunen er ikkje forplikta til å godta nokon av tilboda dersom ingen av dei innkomne tilboda er formålstenlege, dersom det er oppstått tilhøve som gjer kjøp uaktuelt eller dersom tilboda ligg utover budsjettmessig dekning.

Tilbodet skal vera gyldig i 90 dagar frå tilbodsfrist.

1.4 Offentlighet og taushetsplikt

For allmenta sitt innsyn i offentlege konkuransar gjelde offentligetslova. Oppdragsgivar plikter å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til sensitiv konkurranseinformasjon, jf. FOA § 7-3 og 7-4, jf. forvaltningslova § 13.

1.5 Viktige datoar

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål	7 dagar før frist for tilbod
Frist for å levera tilbod	11.09.2020
Tildeling (tentativt)	23.09.2020
Karenstid	11 dagar

1.6 Levering av tilbod

Tilbodet skal leverast via <https://permalink.mercell.com/133870205.aspx>. Det er ikkje mogleg å levere inn deltilbod.

1.7 Utelukking

Tilbydar som ikkje leverer godkjente dokumentasjonar eller skildringar, vil kunne verta utelukka for tildeling av kontrakt.

1.8 Type kontrakt

Kontrakt vil vere underteikna fyste side med enkelte underpunkter, konkurransegrunnlag med vedlegg, tilbodet i frå leverandør og eventuelle avklaringar i prioritert rekjkjefølgje.

2 Kvalifikasjonskrav

2.1 Obligatoriske og ufråvikelege krav

Følgjande krav må oppfyllast for å kunne delta i konkurransen:

- Tilbydar må oppfylle ESPD-krava
- Tilbydar skal ha økonomisk kapasitet til å ta på seg oppdraget.
- Tilbydar skal ha tilstrekkelege menneskelege ressursar til å ta på seg oppdraget.
- Tilbydar må ha gjennomført liknande oppdrag. Legg ved 3 referansar i frå siste 5 år.
- Leverandøren må oppfylle krav til ivaretakelse av grunnleggande menneskerettar
- Leverandøren må ta omsyn til miljøet. Dokumentasjonskrav: ei skildring av verksemda sine miljørutinar

3 Kriteria for tildeling

Tilbydar som har levert korrekt tilbod og som tilfredsstiller kvalifikasjonskrava vil verta vurdert på bakgrunn av følgjande tildelingskriterium,

- Skildring av leveransen 50%
- Pris 50%

4 Skildring av leveransen

Suldal kommune ønsker utbygging av mobilnett også i områder kor det ikkje er bedriftsøkonomisk lønnsamt å bygge ut. I denne omgang ønsker me utbygging i desse områda (kart litt vedlagt over område kor me ønsker god dekning):

- Tysseland, Østebø, Selland (ca 5 hus, ca 14 hytter, veg)
- Lali/Hambrabø (ca 16 hus, ca 22 hytter, veg)
- Bråteit/Lågjen (ca 1 hus, ca 1 hytte, veg)
- Ulladalen (12 hus, 11 hytter, noko veg)

Me ønsker best mogleg signal for hus, hytter og vegar i områda. I utgangspunktet er det tenkt tilbod på ein basestasjon i kvart område, men me har ikkje satt krav til type løysing.

- Det skal vere dekning for mobil tale, sms og mobildata i områda. Minimum 4G.
- Leverandøren må oppgi kva område som utbygginga dekker.
- Leverandøren må oppgi kva hastighet og kapasitet som vil være tilgjengelig.
Dekningskart for ferdig utbygga område må leggast fram.
- Leverandøren må dokumentere at dei oppfyller NKOM sine krav til mobilnettet.
- Leverandøren må legge fram plan for utbygginga inkludert tidsplan.

5 Pris

Leverandøren må legge fram kor mykje prosjekta vil koste og krav til anleggsbidrag/medfinansiering.

Eksl mva	Samband	Framføring kraft	Anna kostnader	Total kostnad	Anleggs-bidrag
Tyssebø, Østebø, Selland					
Lali/Hambrabø					
Bråteit/Lågjen					
Ulladalen					
Totalt					

Anleggsbidrag = det som kommunen må bidra med for at prosjektet kan realiseres.

6 Føresetnader

6.1 *Betaling*

- Leverandøren skal sende ehf-faktura. Merk faktura med 110-40. Utbetaling skjer etter avtale/grad av ferdigstilling/eller liknande.
- Leverandøren må legge ved dokumentasjon på faktisk kostnad.
- Kommunane sine vilkår for betaling er fakturadato pluss 30 dagar.
- Feil og/eller manglar på faktura kan føre til at han vert returnert, og ny frist for betaling skal verta rekna etter korrekt faktura.
- Det skal ikkje belastast fakturagebyr, adm.gebyr eller liknande.
- Det vert ikkje godteke påslag i etterkant.

6.2 *Deltaking i konkurransen*

Tilbydar må sjølve dekkje alle eigne kostnader ved deltaking i konkurransen.

6.3 *Misleghald / dagmulkt / heving*

Det føreligg misleghald viss leverandøren ikkje oppfylle krava i dette konkurransen. Ved misleghald så kan kunden krevje oppfyllelse, dagmulkt, avhjelp, prisavslag, heving og erstatning, samt hold kjøpesummen tilbake. Det føreligg ikkje misleghald ved force majeure.

- Ved misleghald påløper autmatisk 0,2% dagmulkt av avtalt vederlag for den delen av leveransen som er misleghaldt for kvar kalenderdag misleghaldet varer. Dagsmulkta kan vere på maksimalt kr 1000,- per dag. Dagsmulkta kan ikkje bli større enn 10% av vederlaget for den total leveransen. Alt eksklusiv mva.
- I den utstrekning misleghaldet ikkje blir retta, så kan kunden krevje prisavslag
- Ved vesentleg misleghald så kan kunden heve kjøpet.
- Kunden kan krevje erstatning for tap (direkte og indirekte) som kunden har fått grunna misleghald i frå leverandøren si side

6.4 *Offentlighet og taushetsplikt*

For allmenta sitt innsyn i dokumenter vedrørande ein offentlig anskaffelse gjelder offentlighetslova. Oppdragsgivar og dei tilsette plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil være av konkurransemessig betydning å hemmelighalde. Jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og jf. forvaltningsloven § 13.

2.3 Vedståelsesfrist Leverandøren må vedstå seg sitt tilbod til det tidspunktet som er angitt i punkt 1.3.

6.5 *Kontraktskrav*

- I kontrakten vil det bli stilt krav om at tilsette hos leverandør og eventuelle underleverandører som utfører arbeid på kontrakten ikkje har därlegare lønns- og arbeidsvilkår enn det som følger av gjeldande forskrifter om allmennjorte tariffavtaler eller landsomfattande tariffavtaler for de aktuelle bransjene.
- I kontrakten vil det bli stilt krav om at leverandøren har ei lærlingordning.